



KOPI

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/3259 - 23/5673

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
20.01.2023

Løyve til å byggje landbruksveg på gbnr. 128/4 Leirvågen i Austrheim kommune

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Austrheim kommune Margun Djuve løyve til å byggje landbruksveg som søkt om på gnr. 128, bnr. 4 Leirvågen i Austrheim kommune. Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Vegen må byggjast i samsvar med tekniske krav for vegklasse 7 i normaler for landbruksveier
- Avkøyrsløyve til offentleg veg må liggje føre før arbeidet vert sett i gong.
- Vedtaket er gyldig til 01.02.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.02.2027.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Margun Djuve søker om å få byggje landbruksveg på 100m i vegklasse 7. Vegen løyser ut noko grov skog. I tillegg betrar den vegtilkomsten til 2,6 daa fulldyrka jord. Interessene i vegen er 20% jordbruk og 80% skog. Dekningsområdet er om lag 10 daa. Anlegget er kostnadsrekna til 80.000,-.




Fig. 1. Oversyn over kvar traséen skal gå. Kjelde: Vedlegg til søknaden.

Veganlegget vert lagt på fast fjell parallelt med og på vestsida av den fulldyrka jord,



Fig. 2. Vegen vil gå om lag slik. Den vil liggje oppå ei «fjellhulle» rett sørvest for den fulldyrka jorda.



Fig. 3. Vegen vil ta av frå den kommunale vegen om lag her.




Fig. 4. Frå den kommunale vegen (der fotografen står, vil vegen liggje på denne hylla. Fulldyrka jord synt i fig. 2 til høgre.



Fig. 5. Vidare innover vil den «klyve opp» ei stutt men bratt «kneik».



Fig. 6. Traséen går vidare på ei flate inn der granskogen er. Slutt punktet er lengst vekk i biletet der det ligg ei gran på tvers.

VURDERING:

For ordens skuld gjer vi merksam på at landbruksaker i Austrheim kommune vert handsama av Alver kommune, landbruk.

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar vert gjort på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog på eigen eigedom og er såleis i tråd med føremålet.

Vegen ligg innanfor 100meters grensa mot sjø, men ligg noko skjerma for innsyn frå sjøen.

Det kan reisast tvil om veganlegget treng handsaming etter landbruksvegforskrifta. Dette då anlegget er under 150m jf. forskrifta § 1-3 2. avsnitt. I dette tilfellet vel vi å handsame søknaden då den ligg innanfor 100meters beltet for sjø.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova skal leggjast til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er òg gjort funn av kulturminne der det heiter:

«Funnstad for B 8822, sigersvolløks frå steinalder. Funne i Straumsmyra vest for kaivegen, 20 m frå stranda ved naustet. Ho låg 2 fot djupt mellom fjørestein 1 fot over skjellsand. Staden ligg sers lågt. Tilvekst i B. M. Årbok 1936. Museets hovedkatalog: spissnakked grønsteinøks som Gjessing: Rogalands steinalder fig. 69, men forholdsvis lenger; arr efter tilhugningen sitter igjen over hele; eggen buet og noget skadet. Lengde 18,3 cm. Funnet på Leirvåg, Austrheim s., Lindås pgd., Hordaland, g.nr. 128, br.nr. 3, under dyrkning i en senkning mellem bergknauser, 2 fot under jorden, ca. 2 fot o.h.(?) og ca. 20 m fra strand; den lå blandt rund fjærestein i leire ca. 1 fot over et lag skjellsand. (8822).»

Sørvest for traséen nett innfor grensa til naboeigedom, er det gjort funn av eit skaft av kleberstein. Grønsteinøksa, som ligg nærast traséen har fylkeskommunen vurdert i høve veganlegget i si fråsegn – sjå nedanfor.

På andre sida av den kommunale vegen er det registrert svært viktig naturtype: «Strandsamfunn med eit slikt areal og med ei slik utforming er eineståande i Hordaland. Lokaliteten har òg førekomst av eit par regionalt sjeldne artar. På grunnlag av dette blir samla verdi vurdert til svært viktig - A.»

Funna av grønsteinøks og skaftet av kleberstein og registreringa av naturtypen nemnt ovanfor, går fram i fig. 7. nedanfor.




Fig. 7. Oversyn over kulturminnefunn (R) og naturtype (skravert grønt).

Det er ikkje gjort funn i sjølve traséen, men ein del fugleartar og sommarfuglar er observert sør for den kommunale vege.

Veganlegget ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden har vore drøfta med plansjefen i Austrheim kommune. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Vestland fylkeskommune peikar på at det er gjort eit lausfunn av ei grønsteinøks frå steinalderen i området – Askeladden id. 90647, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne er vurdert som låg. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stogast til rette

forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har ikkje kome med attendemelding.

Som nemnt skal slike søknadar vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Veggen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Veggen vil ta av frå kommunal veg. Avkøyrsløyve må avklarast med Austrheim kommune før arbeidet startar opp. Søkjar må kontakte Austrheim kommune for ei avklaring i høve dette.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Normaler for landbruksvegar – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/3259»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætre marka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakarar:

Margun Sofie Skålevik Djuve

Øvre Kyvik 89

5414

Stord